

# Demokrati på tyrkisk

Dei fleste kommentatorane er samstemde: President Recep Tayyip Erdogan vann ein stor personleg siger 1. november då partiet hans AKP fekk 49,3 prosent. Men han nådde ikkje målet om å bli ein tyrkisk Putin.



ERLING  
FOLKVORD  
erfolk@online.no

Kommentar

Erdogan har hatt eitt politisk mål sidan han i 2014 gjekk av som statsminister og vart president: å innføre presidentstyre, slik tidlegare statsminister Vladimir Putin gjorde da han vart president i Russland.

Lovleg innføring av presidentstyre krev endring av grunnlova. Og det krev igjen to tredjedels fleirtal i nasjonalforsamlinga. AKP (Det islamske Partiet for rettferd og utvikling) og Erdogan satsa alt på dette i valet 7. juni. Han lukkast ikkje og mista det fleirtalet AKP hadde hatt i tolv år. No har AKP igjen reint fleirtal, men er langt unna det som trengst for å endre grunnlova. Det hjelper heller ikkje om dei får med seg dei 40 representantane frå MHP, Det nasjonale aksjonspartiet. Mange omtalar MHP som fascistisk på grunn av tiår med tette band til terrororganisasjonen Dei grå ulvane.

Det demokratiske folkepartiet (HDP) er årsak i at Erdogan ikkje får det fleirtalet han må ha. I juni kom HDP endeleg over sperregrensa på 10 prosent. Og 1. november greidde dei det på nytt. Partiet gjekk tilbake, men 61 HDP-representantar hindrar grunnlovsendringa som skulle bli fundamentet for Erdogans politiske framtid. HDP er ikkje som dei andre partia. Ei tyrkisk kvinne og ein kurdisk mann er likestilte leiarar. Med HDP har opne homofile for første gong fått plass i nasjonalforsamlinga.

## UNDERLEGE OBSERVASJONAR

Tyrkiske medium fortel at valdagen var prega av hendingar som observatørar frå Europaparlamentet og frå den europeiske samarbeidsorganisasjonen OSSE

ikkje hadde opplevd før: Maskerte spesialstyrkar møtte ei observatørgruppe da dei kom til eit av vallokala i millionbyen Diyarbakir. I Yenisher hamna seks observatørar i varetekt hos politiet. AKP-kandidaten Safak Yentürk og familien hans brukte fysisk makt for å jage observatørar frå Europaparlamentet ut frå eit vallokale i landsbyen Arabas. AKP-kandidaten Baran Celik gav britiske observatørar grei beskjed da dei kom til eit vallokale i Cermik-distriktet i Diyarbakir: «Dette er eit demokratisk land. Kva er det de ønskjer? Kom dykk for helvete ut herifrå!»

Eg stansar opprømsinga der. Poenget er at slike hendingar og mange andre regelbrot på valdagen ikkje kan ha endra valresultatet vesentleg. Valfusk er ikkje hovudårsaka til nedturen for HDP og oppturen for AKP. Valkampmetodane er viktigare.

## STATSTERROR

Ein av parlamentsmedlemene frå HDP summerte opp slik på søndagskvelden: «Hovudårsaka til situasjon i dag er den store redsla som den statlege valdsbruken har skapt. Vi hadde korke politiske eller materielle svar på slikt. Om du ser på arrestasjonane, drapa, massedrapa, unnaktstilstandane, lynsjingane og plyndringa, forstår du kanskje kva det var vi faktisk måtte stå opp mot.»

Og det var verkeleg lynsjing. 3. oktober publiserte dagsavisa Karsı i Sirnak-provinsen ein video som viser korleis ein politibil trekkjer ein død mann bortover gata. Du høyrer ein politimann gratulere ein kollega med drapet. Den døde var svoger til HDP-politikaren Leyla Birlik som fire veker etterpå vart vald inn i nasjonalforsamlinga. HDP våga nesten ikkje drive valkamp på gata etter terroraksjonen som ei veke seinare drap 102 fredsdemonstrantar i Ankara.

Åtaka på TV og riksaviser som



Ein funksjonær i Ankara helsar presidenten velkomen til vallokalet. Åtak på TV og riksaviser som ikkje var lojale, og brutal framferd mot opposisjonen sikra AKP og Erdogan ein ny periode med makta i andre valomgang. Foto: Murad Sezer / Reuters / NTB scanpix

ikkje var lojale mot AKP og Erdogan, kan ha hatt enda større vernad. Her var medieomtale av den tyrkiske krigsinnsatsen i Syria ein del av bakgrunnen. For Erdogan høvde det dårleg om riksmedia gjentok påstandane frå mindre aviser og ein del nettsider om at han personleg hadde sytt for statleg hjelp til islamistiske terrororganisasjonar i Syria.

## EIT TALANDE DØME

Eg nemner berre eitt eksempel. Tidleg i september trykte ei av dei store avisene foto som viste tyrkisk våpenleveranse til terroristorganisasjonen Jabath al Nusrah i Syria. Påstanden var gammal, men offentleggjering i ei storavis to månader før valet var noko nytt. Jabath al Nusrah blir vanlegvis omtala som Al-Qaidas avdeling i Syria. Ut frå skiftande

## Valfusk er ikkje hovud- årsaka til nedturen for HDP og oppturen for AKP. Valkampmeto- dane er viktigare.

lokale forhold har både soldatar og våpen vore i nokså fri flyt mellom Jabath al Nusrah og Islamsk stat (IS).

Politiet sette straks i gang etterforsking både mot avisa og eigarane som står nær den islamske forkynnaren og forretningsmannen Fetullah Gülen. Etter tidlegare langvarig og tett allianse med Erdogan har Gülen-media særskilde gode kjelder tett innpå den harde kjernen rundt presidenten.

Ein domstol engasjerte professor Safak Ertan Çomaklı som sakkunnig. Rapporten hans var det juridiske grunnlaget da retten 26. oktober avsette redaktørane i avisene Bugün og Millet, Kanaltürk TV og Bugün TV. Liberaliseringsminister Hürriyet fortel at politiet brukte batongar, tåregass og vasskanonar da dei på den tyrkiske nasjonaldagen storma studio og stansa TV-sendingane. Det gjorde ingen ting at professor Çomaklı som laga grunnlaget for aksjonen, vart dømd for svindel i 2007 og derfor ikkje på lovleg vis kan vere sakkunnig for ein domstol.

Hürriyet skriv at redaksjonane over natta skifta redaksjonell linje og vart talerøyr for Erdogan. Millet med hovudoppslaget «Blodig aksjon mot dei frie media» kom aldri på gata. Bilete av Erdogan under feiringa av nasjonaldagen fylte førstesidene i Millet og Bugün dagen etterpå.

## TYRKIA I SYRIA

Tyrkisk innsats i Syria sette preg på valkampen på fleire måtar. To parlamentsmedlemmer frå CHP, det største opposisjonspartiet, gjekk i oktober hardt ut med påstand om at råvarer til å lage saringass i 2013 vart levert frå Tyrkia til Jabath Al Nusrah. Erdem Eren og Ali Seker la fram detaljar frå eit tiltalevedtak statsadvokaten i Adana hadde utarbeidd. Dei to hevda at dette prova krigsbrottsverk på tyrkisk jord. Påstandane vart ikkje mindre truverdige da dei to fortalde at tiltalen mot dei tretten Al Nusrah-medlemene vart lagd vekk svært raskt.

Påstandar rundt tyrkisk innsats i Syria svekte nok AKP-valkampen, men var ikkje nok til korkje å hindre framgang for AKP eller tilbakegang for HDP.

På bakgrunn av alt dette meiner tyrkiske Figen Yuksekdog, den eine av dei likestilte HDP-leiarane, at det er ein siger at HDP på nytt kom over sperregrensa. Ho minner oss om at 33 born og 225 vaksne sivile mista livet i dei fem månadene Erdogan brukte nye valkampmetodar. «Suksessen i dag vart oppnådd av dei mange som stod opp mot alle desse åtaka», seier ho.

Erling Folkvord er politikar for Raudt.



LYNSJING: 3. oktober publiserte dagsavisa Karsı videoen som viser ein politibil taua ein død mann bortover gata. På videoen kan ein høyre ein politimann gratulere ein kollega med drapet.